

Design- & innovasjons-kafé 2010

Atheno AS, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Tysnes kommune inviterer til Design - & innovasjons-kafé med Dagfinn Aksnes

tysdag 20.april kl. 12.00-15.00 hjå Ensy AS, Uggdal

Design og Innovasjon som Business Prosess

Designkaféen rettar seg mot **entreprenørar, bedriftsleiarar og gründarar** som ønskjer å bli informert om internasjonale trendar i utnytting og bruk av designkompetanse og skapande prosesser som verktøy i bedriftsutvikling.

Design er i utgangspunktet ein **verdiskapande profesjonell praksis**, basert på tverrfagleg og heilheitleg kompetanse med fokus på skapande prosesser.

Design skil seg frå andre fag ved å ta føre seg det som kan bli til og realisere det som ennå ikkje eksisterer gjennom ein profesjonell designprosess. Når dette blir gjort på bakgrunn av menneskelege behov og med ein heilheitleg økonomisk tilnærming til marknaden kan ein få **innovasjon i produkt og tenester**.

Designkompetansen inneheld **tankeprosessar, haldningar, verktøy og tankenettverk** som kan være nyttige i andre samanhengar og som også kan nyttast til til innovasjon og utvikling av bedriftsprosessar.

Designkaféen er ein **uformell presentasjon av muligheiter for verdiskaping og bedriftsutvikling** som kjem frå designkompetanse og designtenking, og vil ta føre seg følgjande element og utvide desse gjennom eksemplar, visualiseringar og diskusjon:

Kor kjem Design frå?

Ein historisk oversikt frå Europa og Norge.

Kva er Design?

Nyttige erfaringar frå Design som eit verdiskapande element i samfunnet.

Kva er Designbasert tenking?

Ein presentasjon av visuelle tankeprosessar, intuisjon, inkubasjon og realiseringsverktøy.

Kva er matnyttig i Design?

Kort gjennomgang av dei viktigaste Designverktøy, Designprosessar og Tankekart.

Kreativitet og skaparkraft?

Korleis kan vi bli bedre kjent med disse egenskapene og utnytte og anvende dei som reell kompetanse?
Strategiar for kreativ praksis.

Korleis kan Design anvendes?

Design tenking som verktøy for utvikling av konkurransefortrinn i ein marknad som er prega av økonomisk usikkerhet og djupare miljøomsyn. Forslag til strategisk utnytting av Design i bedriftene og diskusjon om die muligheiter som finnes

Dagfinn Aksnes

Master of Design of the Royal College of Art
Product Design
The Royal College of Art 1979

BA First Class Honours
Bachelor in Industrial Design Engineering
University of Northumbria 1977



Dagfinn Aksnes har ei spanande fortid innan multidisiplinær kreativ praksis i industri og skule som inkluderer m.a. innovasjon, forskning, entreprenørskap, design og engineering.

Han har dei siste åra arbeidd som førsteamanuensis innan Product Design Engineering på Glasgow School of Art i tillegg til ei mengd andre engasjement i Storbritania.

No er han busett i Sunnhordland, arbeider m.a. på Høgskulen i Bergen og kjem til oss for å bidra med sin kompetanse til auka kunnskap, inspirasjon og vegleiing om korleis me her i regionen kan nytta oss av design til innovasjon og auka konkurransekraft.

Pga servering ber me om påmelding til: post@atheno.no eller på telefon: 53 41 32 77
innan måndag 19.april.

Vel møtt!